



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	16.09.2025
Møtetid:	09:00 - -14:00
Møtestad:	Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Kenneth Taule	medlem	SP	Permisjon frå kl 12.
Murberg			
Wilfred Berthelsen	medlem	VIP	
Leif Johnsen	medlem	MDG	
Henning Fyllingsnes	medlem	H	
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Liv Hopland Van der Kooij	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Leif Taule	varamedlem	SP	

Torgeir Andvik

varamedlem

SP

Inn som vara for
Kenneth T Murberg
frå kl 12.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Kristin Nåmdal

Tenesteleiar

Siril Therese Sylta

Tenesteleiar

Eirik Sætre

Avdelingsleiar

Marte Hagen Eiksrud

Rådgjevar

Terje Villanger

Fagansvarleg

Trude Langedal

Rådgjevar

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 96/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 97/25	Kommuneplanen sin arealdel-PlanID 46312022001-1. gongs handsaming	
PS 98/25	Kommunikasjonsplan i høyringsperioden	

PS 96/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 16.09.2025:

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

Kommunikasjonsplanen i sak PS 97/25 vert teke ut av saken og lagt som ein eigen sak i møte.

Samrøystes.

Ny sak til sakslista vert:

PS 98/25 Kommunikasjonsplan i høyringsperioden

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 16.09.2025:

Innkalling og saksliste vert godkjent med dei endringar.

PS 97/25 Kommuneplanen sin arealdel-PlanID 46312022001-1. gongs handsaming

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 16.09.2025:

FØRESEGNER:

Framlegg frå Leif Johnsen, MDG:

1.1 Inn ein setning:

Prinsippet om arealnøytralitet i hovudsak skal gjelde i så stor grad som mogleg.

Framlegget vart vedteke mot 4 røyster (Henning Fyllingsnes-H, Nina S Øvreås-FRP, Tore Helland-FRP, Yngve Walaker-FRP)

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

2.1 KRAV OM LØYSING FOR VASSFORSYNING, AVLØP, OVERVATN, RENOVASJON, GATE OG ANNAN TRANSPORT

Fjerne setning i punkt nr. 1:

Område der det allereie er etablert infrastruktur skal prioriterast utbygd, og.

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

2.1 KRAV OM LØYSING FOR VASSFORSYNING, AVLØP, OVERVATN, RENOVASJON, GATE OG ANNAN TRANSPORT

Fjerne setning i punkt nr. 4:

Gang-/sykkelveg skal ikkje nyttast som køyreveg

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Leif Taule-SP

2.2 BYGGJEGRENSE. UYBYGGINGSVOLUM OG FUNKSJONSKRAV

Punkt 10 kulepunkt 2 vert tatt ut;

- Nærbutikk og daglegvare med samla BRA på inntil 1500m² i trafikksikker gang/sykkelavstand til bustadområde.

Framlegget fall med 1 røyst for (Leif Taule-SP)

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

2.2 BYGGJEGRENSE. UYBYGGINGSVOLUM OG FUNKSJONSKRAV

Punkt 3. Tilføring av setning:

Tillate å etablere kaier som er for ålmentbruk og ikkje er i privat eige.

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Henning Fyllingsnes-H:

2.3 UTEOPPHALDSAREAL OG LEIKEPLASSAR

Punkt 2.3 Tabell 2 Krav leikeplass-
Fjerne kolonne **plassering**.

Framlegget fall med 4 røyster for og 7 mot (Ståle J Hauge-AP, Olav S Namtvedt-SP, Kenneth T Murberg-SP, Olav Myhr-KRF, Wilfred Berthelsen-VIP, Leif Johnsen-MDG)

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

2.3 UTEOPPHALDSAREAL OG LEIKEPLASSAR

1. Endring i siste setting før tabell:

1. Vi skal sikre at sentra våre i hovudsak har samanhengande grønstruktur, tursti, torg og møteplassar.

2. Punkt 3 første setting fjerne: som hovudregel.

3. Punkt 9: erstatt 2 meter med 4 meter.

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

6.2 UNNTAK FRÅ KRAV OM REGULERINGSPLAN

Punkt 4 endrast frå 4 fritidsbustadar til 2 fritidsbustadar

Vedlegget fall med 6 røyster mot. (Olav Myhr-KRF, Wilfred Berthelsen-VIP, Henning Fyllingsnes-H, Nina S Øvreås-FRP, Tore Helland-FRP, Yngve Walaker-FRP)

Framlegg frå Torgeir Andvik-SP:

7.2 FRITIDSBUSTADER

Punkt 4, legg til **vesentleg** siluettverknad

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

7.3 SENTRUMSFØREMÅL (SF)

1 avsnitt: Føremålet gjeld forretningar, tenesteyting, bustad, kontor, hotell/overnatting , bevertning, grøntareal , kultur og idrett, energistasjon og byrom.

2 avsnitt ta vekk: bensinstasjon/vegserviceanlegg

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst. (Leif Johnsen-MDG)

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

7.10 ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG (ABA)

Føremålet omfattar naust, småbåtanlegg, renovasjon, anlegg for vatn og avløp og kommunikasjon.

1. Naust

Føremålet er byggeområde for naust med tilhøyrande veg, parkering, båtopptrekk, kai/bryggje, flytebrygge og område for båtopplag på land.

Naust er uthus for oppbevaring av båt med utstyr, utan innreiing for varig opphald og overnatting.

Naust skal vere i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 50 m², og kan byggjast.

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

10. LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (LNF)

Bokstav a): kårhus fjernes frå tekst

Bokstav d): tilføre: Vert dyrka eller dyrkbar jord bygd ned som følgje av tiltak skal den erstattast anna plass på bruket. Ein kan i enkelt tilfelle tillate å bruke den til jordforbetringar, då etter landbruksfaglege vurderingar.

Punkt 2: må skiftast ut med skal

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

10.1 LNF SPREIDD (LS)

Siste setning i punkt to endrast til:

Nye tilkomstvegar skal ikkje gå gjennom gardstun.

Samrøystes vedteke

Framlegg frå Henning Fyllingsnes-H:

10.2 LNF SPREIDD BUSTAD (LSB)

Endre punkt a) Nye bustader skal vere einebustad eller tomansbustad.

Framlegget vert vedteke med 8 røyster mot 3 røyster. (Ståle J Hauge-AP, Olav S Namtvedt-SP, Leif Johnsen-MDG)

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

11. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (BSV)

Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske.

Tiltak skal ha særskild fokus på å fremme allment friluftsliv, tiltak som gir universell utforming og rekreasjon i strandsona og på sjøen, jf. pbl. § 11-11, nr. 5.

Samrøystes vedteke

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

Nytt punkt i føresegner:

FORTETTING:

Fortetting kan gjennomførast i vekstsoner

Samrøystes vedteke

PROTOKOLLTILFØRSEL

Samla protokolltilførsel frå utvalet;

Rekkefølgekrav Vikebø

I høyringsperioden skal Alver kommune v/politisk leiing og kommunedirektør, gå i dialog med fylkeskommunen om ei oppmjuking av rekkefølgekrava for utbygging av bustader i Vikebø-området, som er eit lokalsenter i Alver kommune, jf. vedtatt samfunnplan.

Dette er heilt nødvendig for å få til ei utvikling i Vikebø.

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vedtek utval for areal, plan og miljø å legge kommuneplanen sin arealdel ut på 1. gangs høyring og offentleg ettersyn i 8 veker. **Med dei endringar som er vedtatt i møtet.**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-12 blir det meldt at ved endeleg vedtak av kommuneplanen sin arealdel, blir følgjande kommunedelplanar oppheva:

- Kommunedelplan Radøy (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Meland (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindås (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (vedtatt 2019)

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 16.09.2025:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vedtek utval for areal, plan og miljø å legge kommuneplanen sin arealdel ut på 1. gangs høyring og offentleg ettersyn i 8 veker. **Med dei endringar som er vedteke i møtet.**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-12 blir det meldt at ved endeleg vedtak av kommuneplanen sin arealdel, blir følgjande kommunedelplanar oppheva:

- Kommunedelplan Radøy (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Meland (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindås (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (vedtatt 2019)

Følgjande endringar / tillegg vart vedteke:

FØRESEGNER

1.1 Inn ein setning:

Prinsippet om arealnøytralitet i hovudsak skal gjelde i så stor grad som mogleg.

2.1 KRAV OM LØYSING FOR VASSFORSYNING, AVLØP, OVERVATN, RENOVASJON, GATE OG ANNAN TRANSPORT

Fjerne setning i punkt nr. 1:

Område der det allereie er etablert infrastruktur skal prioriterast utbygd, og.

2.1 KRAV OM LØYSING FOR VASSFORSYNING, AVLØP, OVERVATN, RENOVASJON, GATE OG ANNAN TRANSPORT

Fjerne setning i punkt nr. 4:

Gang-/sykkelveg skal ikkje nyttast som køyreveg

2.2 BYGGJEGRENSE. UYBYGGINGSVOLUM OG FUNKSJONSKRAV

Punkt 3. Tilføring av setning:

Tillate å etablere kaier som er for ålmentbruk og ikkje er i privat eige.

2.3 UTEOPPHALDSAREAL OG LEIKEPLASSAR

1. **Endring i siste setting før tabell:**

1. Vi skal sikre at sentra våre i hovudsak har samanhengande grønstruktur, tursti, torg og møteplassar.

2. **Punkt 3** første setting fjerne: som hovudregel.

3. **Punkt 9:** erstatt 2 meter med 4 meter.

7.2 FRITIDSBUSTADER

Punkt 4, legg til **vesentleg** siluettverknad

7.3 SENTRUMSFØREMÅL (SF)

1 avsnitt: Føremålet gjeld forretningar, tenesteyting, bustad, kontor, hotell/overnatting, beverting, grøntareal, kultur og idrett, energistasjon og byrom.

2 avsnitt ta vekk: bensinstasjon/vegsserviceanlegg

7.10 ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG (ABA)

Føremålet omfattar naust, småbåtanlegg, renovasjon, anlegg for vatn og avløp og kommunikasjon.

1. Naust

Føremålet er byggeområde for naust med tilhøyrande veg, parkering, båtopptrekk, kai/brygge, flytebrygge og område for båtopplag på land.

Naust er uthus for oppbevaring av båt med utstyr, utan innreiing for varig opphald og overnatting.

Naust skal vere i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 50 m², og kan byggjast.

10. LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (LNF)

Bokstav a): kårhus fjernes frå tekst

Bokstav d): tilføre: Vert dyrka eller dyrkbar jord bygd ned som følgje av tiltak skal den erstattast anna plass på bruket. Ein kan i enkelt tilfelle tillate å bruke den til jordforbetringar, då etter landbruksfaglege vurderingar.

Punkt 2: må skiftast ut med skal

10.1 LNF SPREIDD (LS)

Siste setning i punkt to endrast til:

Nye tilkomstvegar skal ikkje gå gjennom gardstun.

10.2 LNF SPREIDD BUSTAD (LSB)

Endre punkt a) Nye bustader skal vere einebustad eller tomansbustad.

11. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (BSV)

Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske.

Tiltak skal ha særskild fokus på å fremme allment friluftsliv, tiltak som gir universell utforming og rekreasjon i strandsona og på sjøen, jf. pbl. § 11-11, nr. 5.

Nytt punkt i føresegner:

FORTETTING:

Fortetting kan gjennomføres i vekstsoner

PS 98/25 Kommunikasjonsplan i høyringsperioden

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 16.09.2025:

Kommunikasjonsplan i høyringsperioden vart samrøystes vedteke slik den ligg føre.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 16.09.2025:

Kommunikasjonsplan i høyringsperioden er vedteke.

